
Kyrkjeblad for Fjaler

NR.2 AUGUST 2026
84. ÅRGANG



Den tomme krossen

Krossen i Korssundet er monumentet over ein svært gammal samlingsstad. Ei gammal legende fortel at Olav den Heilage var i Eivindvik, og derifrå reiste han nordover. For å spare tid, bestemte Olav at han og følgjet ikkje skulle segle ut om Lammetun, men istaden styre rett mot land.

Og underet skjedde, det opna seg eit sund mellom fastlandet og øya Lutentun. Til minne om kongen si ferd, blei krossen reist ved det nye sundet, Korssundet, heiter det i legenda.

Krossen i Korssundet er eit av dei største og mest kjende av steinkrossane på Vestlandet. Den er nesten 4 meter høg, og er frå rundt år 1000, kanskje før.

På ein teikneseriestrips om vikingen Hårek kjem det ein munk seglande frå Irland og seier: «Her kjem eg med kristendommen til deg, Hårek». Og Hårek svarer: «Javel, sét han der borte».


Dei første kristne sette frå seg kristendommen – i form av steinkrossar langs kysten. Vi feirar Olsok kvart år til minne om Olav den Heilage, vikingen og kongen som har fått mykje av æra for at kristendommen kom til Norge.Olav bestemte seg for å samle heile landet til eitt rike, og kristendommen skulle vere Norges samlande religion. Den oppgåva skulle vise seg å vere vanskelegare enn han trudde.

Til slutt blei Olav drept i slaget på Stiklestad. Men eitt år etter at Olav blei gravlagd, var det nokon som gravde kroppen hans opp igjen. Det blei sagt at neglene, håret og skjegget hans hadde vakse. Folk meinte at her hadde det skjedd eit under. Derfor blei han kalt Olav den Heilage. Det blei bygd ein flott katedral, Nidarosdomen, til minne om Olav den Heilage. Han ofra livet, men kristendommen, kyrkja og dei kristne levde vidare i spora etter han.

Ein turist som ein gong var på besøk i ei kyrkje, ropte ut: «Oh, my God. Who is the man on the cross up there?»

1000 år før Olav den Heilage, ofra Jesus livet for alle menneske sin synd, skuld og skam. Jesu offerdød på krossen er ei forteljing om død, nytt liv, tilgjeving og forsoning. Dette er vesentleg i livet. Vi ofrar og tilgjev. Krossen fortel om den djupaste kjærleiken.

Hårek hadde nok møtt kristentrua i utlandet, før han møtte misjonærar heime:



Den tomme krossen er eit symbol på Jesu oppstode. Jesus lot sin tomme kross vere igjen hos menneska som teiknet på at han sigra over døden.

Den tomme krossen handar om nåde og framtid. Slik apostelen Peter skriv: «Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde». (1Pet 1,3)

Knut Arne Kummeneje

Framsidefoto: Joy Taylor. *Steinkrossen i Korssund er med sine 3,84 meter ein av dei høgaste i landet.*



Søndagskaffi med åresal

Søndag 4. oktober kl. 15.00, inviterer Håland misjonsforening til søndagskaffi og åresal. Det vert basarstemning med gevinstar og gode kaker attåt kaffi og te. Vi ynskjer små og store velkomne til ei triveleg stund på Ljosheim



Tusen takk

Tusen hjarteleg takk for kr. 8135,- i gåve til Ljosheim forsamlingshus i høve båra til Norvald Standnes.

Tusen hjarteleg takk for kr. 20 597,- i gåve til Ljosheim forsamlingshus i høve båra til Odd Helge Aase.

Tusen hjarteleg takk for kr. 9550,- i gåve til Ljosheim forsamlingshus i høve båra til Bjørn Hanssen.

BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

Frivillig abonnementspris kr. 300,-
Bankkontonr.: 3741.20.73135.
Vippsummer: 557133

Du kan betale for kyrkjebladet med



Frivillig abonnementspris kr. 300,-

Tekstlesarar i gudstenestene

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særs viktig oppgåve. Tekstlesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.



Avfall frå gravplassen i Dale

Soknerådet vedtok i 2025 å endre tilbodet om avfalls-handtering frå kyrkjegarden i Dale. Containeren kom endeleg på plass i vår, og vi tykkjer dette fungerer framifrå! No blir vi kvitt avfallet på bestilling, heller enn å måtte følgje SUM sin kalender.



Julekonsertar 2026

Guddal kyrkje søndag 13. desember kl.19.30.
Dale kyrkje tysdag 15. desember kl.19.00.

Oppussing av malmkasse på Dale kyrkjegard

Takk til Gudmund Solheim og Lions Club Fjaler for pent utført arbeide med eine malmkassa på Dale kyrkjegard.



Annonseplass i kyrkjebladet

Ynskjer du og bedrifta di å annonsere i kyrkjebladet?

Fjaler sokn sitt kyrkjeblad kjem ut 3 gongar i året, til påske, eit sommarnummer og til jul, og blir distribuert til alle husstandar i soknet.

Storleik ¼ side kr. 1000,- pr blad – kr. 3000,- for alle tre.

Ta kontakt med kyrkjekontoret for info.: 405 09 452

Konfirmantar 2026



Dale kyrkje 2. mai

Sitjande framme frå venstre: Serafyma Pivovarova, Mari Lorense Stang Sævik, Anine Lervik Hauge, Tuva Aasen Sætenes.

Jenter ståande frå venstre: Madikken Myklebust Norddal, Milda Liu Solheim, Sofie Heggøy Solheim, Sigrid Nistad Nordrumshaugen, Jenny Karoline Øen Gjestad, Saga Sofia Willemoes Systaddal, Arshin Sami, Emilie Nedrebø Arstein, Ingvild Nistad Nordrumshaugen, Milla Isabell Asperheim Holm, Amanda Skår Haugsbø.

Gutar 3. rekke frå venstre: Bjørn Igelkjøn Åsnes, Odin Høydal Løseth, Dmytro Kozub, Jakob Overdevest Jarstad, August Bjørvik Myklebust, Jakob Valvik, Fillip Helle Rochlenge, Vegard Solheim Valvik, Øystein Nitter Hovland.

Bakerst frå venstre: Egil Solheim Løkkebø, Emil Øen, Victor Johan Øen, Marcus Høyvik Ødegård, Milan Sande-Neset, Nikolai Westengen Helle, sokneprest Knut Arne Kummeneje.



Guddal kyrkje 14. mai
Frå venstre: soknеprest Knut Arne Kummeneje, Liv Stueland Gallefoss, kantor Mark Taylor.



Folkestad kapell 25. april
Frå venstre: Maja Haugstad, Ole Telle Grytøyra, Åsne Eiken, Nicolas Lammetun Dale, Savannah Landro Hjelle, soknеprest Knut Arne Kummeneje.

Konfirmasjonstida i Fjaler – meir samarbeid med Askvoll

I samband med bispevisitasen i Fjaler i september 2025, nemde biskop Ragnhild Jepsen i sitt visitasforedrag at samarbeid er eit satsingsområde framover, også samarbeid på tvers av soknegrensene.



Dalsfjordbrua
13. desember 2013 blei Dalsfjordsambandet høgtideleg opna av dåverande samferdsleminister Liv Signe Navarsete. Det er først og framst Dalsfjordbrua kom har skapt fleire moglegheiter for samarbeid mellom Askvoll og Fjaler

Samarbeid i konfirmantarbeidet
Dei siste åra har prestane i Askvoll og Fjaler innleia samarbeid i konfirmantarbeidet. I mange år har Fjaler til dømes hatt konfirmantleir på Alværa misjonssenter i tida før påske. I samband med auka samarbeid mellom Askvoll og Fjaler, vil konfirmantane frå begge sokna frå hausten 2026 ha felles konfirmantleir på Nesholmen leirstad om hausten. Denne erstattar konfirmantleiren på Alværa. Dette vil vere første gongen nokonsinne at Askvoll og Fjaler har felles konfirmantleir. Prestane har allereie samarbeidd ei tid med dei faste konfirmantsamlingane.

Konfirmasjonstidas timetal er på om lag 60 timar, som inkluderer samlingar, turar, gudstenester, solidaritetskonsert og innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp.

I undervisninga er fokuset på dei "STORE" spørsmåla; om Gud, om trua og mennesket, om livet og døden. Samlingane handlar også om etiske tema og dei vala vi gjer i livet.

I Fjaler er konfirmasjonssamlingane i Dale kyrkje og/eller på kyrkjelydshuset Ljosheim i Dale med **ei** samling i månaden i tidsrommet **kl.18.00-19.45**.

Konfirmantane førebur ei gudsteneste, ofte ei lysmesse i adventstida, i kyrkja/kapellet dei høyrer til. Kommande konfirmasjonsår er det planlagt konfirmanthelg på Nesholmen Leirstad fredag.- søndag 16.-18. oktober 2026.

Neste vår i 2027 er det fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp, måndag 15. - tysdag 16. mars. Det er ein aksjon der konfirmantane samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Det vil i denne samanheng vere ei konfirmantsamling søndag 14. mars der vi førebur Samtalegudstenesta, ei temagudsteneste om fasteaksjonen, søndag 14. mars kl. 19.00 i Dale kyrkje. Fasteaksjonen blir avslutta med solidaritetskonsert i Dale kyrkje tysdag 16. mars kl. 19.00.

I løpet av året må konfirmantane delta på til saman 10 gudstenester – også som medliturgar saman med presten. Dei song- og musikkglade konfirmantane kan bidra som forsongarar, med kor- og solosong, eller spele instrument. Vi treng også konfirmantar til å styre powerpoint på einskilde gudstenester.

Vi ser fram til eit nytt konfirmasjonsår – også i samarbeidet med Askvoll!

«Tid for tru»-samlingar i Dale og Askvoll

Prestane i Fjaler og Askvoll ønskjer å starte opp samlingar kalt «Tid for tru» - eit opplegg med foredrag, refleksjon, gruppesamtale og måltid, ofte med fellessong og salmesong. Desse samlingane har vore etterspurd. Sist «Tid for tru» blei gjennomført var året 2021-2022. Det er mange tiltak for born og unge i det kyrkjelege arbeidet. Men også samlingar for vaksne er viktig og må få prioritet. Dette for å gi ein god heilskap i det kyrkjelege arbeidet.



Dette biletet er frå ei tidlegare samling i «Tid for tru». Samtalen omkring eit interessant tema kan vere spennande og lærerik.

No ønskjer vi å gjere «Tid for tru» til eit fast opplegg med to samlingar om hausten og to i vårhalvåret – eit samarbeid mellom Fjaler og Askvoll der samlingane er på Ljosheim i Dale og i Askvoll kyrkje. Det blir ei samling i Dale om hausten og ei i Askvoll, og sameleis i vårhalvåret. Tidsramma er kl. 19-21.

Datoane for hausten 2026 vil i Askvoll vere torsdag 17.09, og i Fjaler torsdag 05.11. For våren er datoane i Askvoll torsdag 4. februar og i Fjaler torsdag 8. april. Velkommen til «Tid for tru»!

SAMLINGAR FOR BORN I HAUST



«Mi kyrkjebok» til 6-åringen
I september har vi samling og gudsteneste for 6-åringane i Fjaler. Dei får 6-årsboka med arbeidshefte. Mi kyrkjebok 6 handlar om Nora som nett har begynt på skulen. Boka har òg mange spennande forteljingar frå Bibelen, og vi får høyre om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse. I arbeidsheftet er det mange morosame oppgåver, både å streke, teikne, og fargelegge. Alle 6-åringane i Fjaler blir invitert til ei felles samling i Dale kyrkje laurdag 26. september kl.10.30-11.30.

Gudsteneste med utdeling av 6-årsboka er: 27. september kl. 11.00 i Dale kyrkje, og i Folkestad bedehuskapell 27. september kl. 14.00.

For 4-åringane!
I november er det 4-åringane sin tur til å få bok. For alle 4-åringane i Fjaler blir det ei felles samling laurdag 14. november kl.10.30-11.30 i Dale kyrkje.

Elles blir det utdeling av 4-årsboka desse datoane:
15. november: Dale kyrkje kl. 11.00
15. november: Folkestad kapell kl. 14.00
22. november: Guddal kyrkje kl. 11.00.

Fekk steinarbeidet i arv

Allan Nogva (67) frå Eide på Nordmøre har arbeidt med stein i over 50 år. Dei siste åra har han hatt ansvar for gravminna i kommunen vår.

Atle Lyngstad Ness

Gjennom 25 år kom Per Gunnar Silseth til Fjaler to gonger i året og hjelpte til med æreminne på gravplassane våre. Då han hadde alderen til å gje seg, tok Allan Nogva over. Dei kjem frå Eide på Nordmøre begge to, og arbeidde i same bedrifta på 1970-talet. Den nye steinhoggaren bur på Lyngstad i Hustadvika kommune, nokre gode steinkast frå Atlanterhavsveien, for dei som har fare der.

Størst i landet

Steinindustrien på Eide skriv seg i hovudsak attende til 1904. Gjenreisinga av Ålesund etter brannen det året gav verdifull aktivitet. Mellom anna er Ålesund kyrkje bygd av stein frå Eide. På slutten av 1930-talet hadde Eide 30 bedrifter med over 300 tilsette i steinindustrien. I periodar omsette dei 70 prosent av alle gravminne og andre steinmonument i Norge. Marmoren frå Eide seiest å vere 570 millionar år gammal, og i 2005 leverte bedrifter i Eide kommune halvdelen av all bearbeidd stein i Norge.

Begynte som 16-åring

Inn i denne bransjen gjekk då Allan Nogva som som 16-åring. Han var ikkje spesielt interessert stein og geologi, det var helst tilfeldig at han hamna der. Likevel, han hadde å likjast på, som det heiter. Bestefaren var steinarbeidar heile sitt yrkesaktive liv. Faren var også engasjert der nokre år, men han han miste livet i eit ras i eit steinbrot då Allan var 15 år.

- Kva tenester tilbyr du?

- Eg sel ikkje gravminne. Men eg tek alt av montering og vedlikehald. Her i Fjaler var det ein del steinar som måtte rettast opp etter all telen sist vinter. Elles går det i vasking og reingjering av eldre steinar, fornying



Etter å arbeidt som tilsett heile yrkeslivet, skipa Allan Nogva enkeltmannsføretak og begynte for seg sjølv for fire-fem år sidan. No har han oppdrag frå Gol til Narvik.



Rypejakt har vore hobbyen til Allan Nogva sidan han har gutunge. Då han var i Fjaler sist, var Ivan t.h. noko redusert etter eit grevlingbit i eine foten. Rocky er yngre og fysisk på topp.

av skrift og å få på plass namn nummer to på steinen, seier Allan, som altså er nordmøring, men har etternamnet sitt frå Flemsøya, nord for Ålesund.

Frå Gol til Narvik

- Du har eit stort distrikt og er mykje på reisefot?
- Etter å ha vore tilsett og arbeidt i bedrift heile yrkeslivet, skipa eg eit enkeltmannsføretak og begynte for meg sjølv for fire-fem år sidan. Det tykkjer eg er fritt og fint. Det minkar på den gamle steinhoggaren, så vi som er igjen er er ettertrakta, seier Nogva.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med Allan Nogva Som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på post.fjaler@kyrkja.no

Han har oppdrag frå Gol i sør til Narvik i nord. - Eg har mest arbeid innan Nordland fylke. Når eg skal langt av garde, slik som hit, tek eg bubilen med hengaren bakpå. Då har eg alt eg treng på ein plass. Det vert over 20.000 kilometer i året, og drivstoffutgifter der etter. Dei er største utgiftsposten min. På kortare turar bruker eg ein annan bil, og det blir nokre tusen kilometer der óg, legg Nogva til.

Lite heime om sommaren

- Når er det travlast?
- Mellom april og oktober er eg mykje godt på farten. Mange melder inn oppdrag til kyrkjekontoret eller gravferdsbyrået, men så er det ein del som berre kjem bort og vil ha noko gjort når dei ser eg er kommen og arbeider på gravplassen. Slik sett veit eg aldri kor mykje arbeid som ventar. Men det eg ikkje rekk på vårturen, tek eg på haustturen, seier Nogva, som tykkjer vi har eit flott land å farte rundt i.

Rype og laks er hobbyen

- Du er ikkje åleine i bilen?
- Nei, eg har selskap i dei to fuglehundane Ivan og Rocky. Eg har drive rypejakt sidan eg var ung gut, så det er hobbyen. Fangstane varierer sterkt, men i Nordland er det bra med fugl. Elles liker eg godt å fiske laks og har tenkt å ta meg tid til å prøve elva i Flekke når eg kjem att på seinsommaren, seier Nogva.



Det kan bli lange dagar for fuglehundane når herren er på jobb. Då er det godt å strekkje på føtene og inspisere omgivnadene, tykkjer Rocky.

ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m³ – 35 m³
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



Ramnungar ropar

Tittelen er eit sitat frå det andre verset av salme 318 «Himmelske Fader», skrive av Elias Blix i 1896:
Ramnungar ropar, og du gjev dei mette.
Hungrande hopar til ditt bord vert sette:
Alt gjev du føda, signar landsens grøda,
Sender oss solskin og regn.

Dette verset var tidlegare mykje brukt som eit bordvers her på Vestlandet og salmen var ofte brukt på hausttakkefestar som takk for «landsens grøda».

Blix vart inspirert av bibelsk salme 147,9: *Han gjev føde til dyra, til ramnungane som ropar.*

Det er merkeleg at av alle dyra, er ramnungane særleg nemna i denne salmen. «Alle slag ramnar» var på lista over ureine fuglar som jødane ikkje fekk lov til å ete, slik det står i 3 Mos 11, 13-15:
Desse fuglane skal vera motbydelege for dykk. Dei må ikkje etast, for dei er motbydelege.

Ramnar var motbydelege fordi dei skaffa seg mat frå menneskeleg avfall og åt åtsel, også kroppane til dei drepne på slagmarka. Likevel har Gud omsorg for desse ureine og motbydelege fuglar – ein kjærleik for ein skapning med ein viktig funksjon – å rydde vekk avfall, slik som i dag når dei et trafikkdrepne dyr.

Ramnane var også Guds tenarar. Før profeten Elia fekk maten sin frå enkja i Sarepta si berømte krukke, hadde Gud sagt til ramnane at dei skulle syta for mat til profeten ved bekken Kerit, aust for Jordan. Ramnane kom til han med brød og kjøt kvar morgon og kveld (1 Kong 17,4-6).

Kva seier Jesus til oss om ramnane?
Årets tekst for hausttakkefesten har overskrifta i bibelen «Likninga om den rike bonden» (Luk 12,13-21), men som skulle heller heite likninga om den grådige bonden eller om den materialistiske mannen – han samla skattar til seg sjølv i staden for å tenkje på Gud og nesten sin. Les fortsetjinga av teksten i Luk 12,22-24:

Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med. Livet er meir enn maten og kroppen meir enn kleda. Sjå på ramnane! Dei sår ikkje og haustar ikkje, dei har verken matbu eller låve, men Gud før dei likevel. Kor mykje meir er ikkje de enn fuglane!

Jesus vil at vi skal observere og reflektere over ramnar fordi handlingane deira står i direkte kontrast til handlingane til den rike mannen. Han fekk ein rikeleg haust fordi Gud hadde sendt dei riktige mengdene med solskinn og regn, men i staden for å ta imot Guds gåver med takksemd og å dele skapinga si overflod med andre, prøvde den rike mannen å bli endå rikare – å sikre berre seg sjølv.



Grønn kirke

Til samanlikning, sår ikkje ramnane, dei haustar ikkje eller lagrar maten sin, men ramnungar ropar, og Gud gjer dei mette likevel. Den ureine og motbydelege ramnen er faktisk eit døme på tru – han stoler på Guds nådefulle forsyninga. Guds nåde er ikkje avhengig av kva ein skapning gjer, men fordi Skaparen har ein trufast kjærleik som vil oppretthalde heile skaparverket sitt. Vi må ta imot med takk og dele overfloda med andre, fordi jorda og alt vi får frå henne høyrer Gud til.

Så neste gong du ser ein ramn – tenk ikkje «for ein stygg og svart bråkete fugl», men reflekterer over kva Jesus lærer oss om å ikkje vere grådig og materialistisk, men takk Gud for overfloda og del med andre.

Kyrkjesamfunn i heile verda feirar «Season of Creation» – Skaparverket si kyrkjeårstid – i tida 1. september til 4. oktober. I Den norske kyrkja feirar vi hausttakkefest akkurat i denne perioden. Vel møtt til hausttakkefest!

MT

Hausttakkefest

- 20. september kl.11 i Guddal kyrkje
- 27. september kl.11 i Dale kyrkje og kl.14 i Folkestad kapell.

Vil du ha betre helse - syng i kor!

Det finns mykje forsking om kva song gjer for helsa di. Katarina Lindblad, musikkforskar og leiar i forskingsgruppa for Musikk som helseressurs og terapi ved NTNU, var i juni sitert i artikkelen «Hormonendringer når vi synger» i forskning.no om fordelane for helsa av å syngje. Lindblad seier: «Mennesker som synger sammen har rapportert økt følelse av glede, mer positivt syn på livet, bedre velvære og mindre negative følelser,» «Når mennesker synger sammen synkroniseres hjerterytmen. Sangen vibrerer i kroppen, og det oppstår en form for fysisk kontakt fordi lydbølgene vibrerer i takt i kroppene».

Elles viser forskinga at å syngje saman:

- produserer positive hormon i hjernen som kosehormonet oksytocin – hormonet dempar angst og stress, og skaper tilhøyrsel, tryggleik og tillit,
- reduserer stresshormonet kortisol,
- styrker fellesskapet,
- aukar evne til å handtere utfordringar og
- gir deg meistringsglede.




Det å syngje saman er ikkje berre bra for korsongarane, men gjev glede og trøyst til andre, både når dei høyrer korsongen og også når kora styrker fellessongen. Så vil du få betre helse og samtidig gleder deg sjølv og andre? Kom og syng i kor!

Guddalskoret
For folk av begge kjønn i alle aldrar. Øvingar anna kvar tysdag (partal veker) kl.15.20-16.20 i Guddal kyrkje. Syng i gudstenester og julekonserten (13. desember) i Guddal kyrkje. Cantus kjem på besøk 18. oktober! Vel møtt til songinteresserte guddølingar!

Dale barnekor
For born (gutar og jenter) frå 3. til 7. klasser ved Dingemoen skule. Øvingar onsdagar kl.14.30-15.00 i foajéen på Dingemoen skule. Syng i gudstenester i Dale kyrkje og held konsertar på sjukeheimen. Konsert i Førdehuset med Bjarte Leithaug og andre barnekor i Sunnfjord tysdag 27. oktober kl.18. Mogleg å reise på leir i regi av Ung Kyrkjesong på Sætervika leirsenter i Samnanger 9.-11. april 2027.

Cantus – vaksenkoret i Dale kyrkje



Øvingar onsdagar kl.20.00-21.30 på Ljosheim i Dale:
Syng i gudstenester og konsertar i Dale kyrkje og held konsertar på sjukeheimen.

Gi dirigent Mark Taylor gjerne beskjed om du vil vere med i eit av kora. MT884@kyrkja.no 97513449

MT

facebook

Kyrkja i Fjaler er på **Facebook:** www.facebook.com/FjalerKyrkja

Her finn du oppdatert informasjon om gudstenester, konsertar, osv.
Vi har også heimeside: www.fjaler.kyrkja.no

NULL STRESS
VI TAR DET PÅ
Vipps

Song og musikk for minimenneske





Vi utvider det musikalske tilbodet denne terminen. No kan vi tilby knøttekor, i tillegg til baby- og småbarnssong.

Babysong foregår annakvar mandag på Ljosheim, og passer alle som er heime i permisjon, eller som har fri.

Småbarnssong er som hovudregel siste laurdag i månaden, med justeringar. Dette passer fint for dei som har vekse ut av babysong, ca 1-3 år.

Knøttekor er nytt av terminen og vil passe godt for barn i alderen 4-6/7 år. Her vil det vere større fokus på at borna skal vere med å syngje, samt røyrsle tilpassa tekstane og musikken. Vi har mellom anna fått hekla fine dukker som passer til songen «Fem små apekatter», desse gleder vi oss til å ta i bruk.

Småbarnssong og knøttekor foregår same dagen, og syskjen er velkomne til å henge med på begge deler.

Med dette dekkjer vi musikalsk tilbod for born i alderen nyfødd til 7 år.

Babysongen (0-1 år)
Kl. 10:30 desse måndagane: 31. august, 14. september, 28. september, 12. oktober, 26. oktober, 9. november, 23. november og 7. desember.

Småbornssongen (1-3 år) og Knøttekoret (4-6 år)
Desse laurdagane, høvesvis kl. 10:30 og 11:30: 22. august, 26. september, 31. oktober og 28. november.



VELKOMEN TIL KYRKJE

Søndag 13. september
Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Cantus deltek. Offer til Strømmestiftelsen

Folkestad kapell kl. 19.00: Salmegudsteneste med kveldsmat. Solosong v/ Annika Tveit. Offer til Folkestad bedehuskapell.

Søndag 20. september
Guddal kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste. Hausttakkefest med Guddalskoret. Kyrkjekaffi. Offer til Redd Barna.

Søndag 27. september
Dale kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste. Hausttakkefest med dåpsskulen og Dale barnekor. Utdeling av 6-årsboka. Kyrkjekaffi. Offer til Redd Barna.

Folkestad kapell kl. 14.00: Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Utdeling av 6-årsboka. Kyrkjekaffi. Offer til Redd Barna.

Søndag 18. oktober
Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste for TV-aksjonen. Cantus deltek. Offer til Flyktninghjelpen.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Gudsteneste for TV-aksjonen. Cantus og Guddalskoret deltek. Offer til Flyktninghjelpen.

Søndag 25. oktober
Folkestad kapell kl. 11.00: Gudsteneste. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Søndag 1. november
Dale kyrkje kl. 11.00: Helgemesse. Vi minnast våre døde frå heile Fjaler. Cantus deltek. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Søndag 15. november
Dale kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste med utdeling av 4-årsboka. Dale barnekor deltek. Kyrkjekaffi. Offer til SOS Barnebyer.

Folkestad kapell kl. 14.00: Familiegudsteneste med utdeling av 4-årsboka. Kyrkjekaffi. Offer til SOS Barnebyer.

Søndag 22. november
Guddal kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste med utdeling av 4-årsboka. Guddalskoret deltek. Offer til SOS Barnebyer.

Straumsnes grendahus kl. 13.30: Gudsteneste og kyrkjekaffi. Offer til SOS Barnebyer.

Søndag 29.november
Dale kyrkje kl. 19.00: Lysmesse. Konfirmantane og Dale barnekor deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 6. desember
Guddal kyrkje kl. 16.00: Lysmesse. Guddalskoret deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Folkestad kapell kl. 19.00: Lysmesse med konfirmantane. Solosong v/ Savannah Landro Hjelle. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 13. desember
Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste og kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Guddal kyrkje kl. 19.30: Julekonsert med Guddalskoret, Mark Taylor (orgel) m.fl. Kollekt til Fjaler kyrkjemusikk.

Tysdag 15. desember
Dale kyrkje kl. 19.00: Den store julekonserten med lokale aktørar. Kollekt til Fjaler kyrkjemusikk.

Sjekk www.kyrkja.no/fjaler, facebook.com/FjalerKyrkja

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særs viktig oppgåve.

Tekstlesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

I kyrkjelyden sidan sist

Døypte

Dale

15.03.26 Alma Myklebust Flekke
Lyder Haugen Halsnes
05.04.26 Viljar Hafsås
19.04.26 Abel Sørebø Dyrstad
Jonah Sørebø Dyrstad
05.04.26 Selma Hatlebrekke Norddal
Brage Ytre-Arne Kummeneje
24.05.26 Ludvik Lindelid Hatlevik
Søren Johan Tømta Solheim
07.06.26 Madelen Alværen Øen
16.08.26 Hanna Bjørvik Haaland

Folkestad

24.05.26 Selma Furset Eldevik
23.08.26 Helly Marie Flølo Einen

Guddal

08.03.26 Vemund Tolleiv Hovlandsdal-Solås
14.06.26 Wiktoria Haugs Boge

Vigde

Dale

30.05.26 Julianne Elise Nøkleby Ness og Sven Solheim
01.08.26 Stine-Mari Myklebust og Vegard Skår
08.08.26 Mariell Holm Solheim og Marius Grimelid

Døde

Dale

24.02.26	Einar Atle Heggnes	f. 1943
15.04.26	Else Johanne Aasheim	f. 1931
25.04.26	Odd Helge Aase	f. 1965
28.04.26	Ingolf Flekke	f. 1963
20.05.26	Bjørn Hanssen	f. 1936
02.06.26	Astrid Myklebust	f. 1933
05.06.26	Cesilie Johanna Ness	f. 1935
17.07.26	Jon Leirpoll	f. 1933

Guddal

20.06.26	Reidun Heggheim	f. 1960



Kyrkjeblad for Fjaler
Kontonr. 3741 20 73135
Bladpengar kr. 350 for året.
Redaktør: Knut Arne Kummeneje og Hildegunn Helleset
Prent: Printfarm AS
fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.kyrkja.no/fjaler
Fjaler sokn
Dalsvegen 105A
6963 Dale i Sunnfjord
Tlf. 40 50 94 52
post.fjaler@kyrkja.no

Kyrkjekontoret er ope
Tysdag, onsdag og torsdag
kl. 09.00–14.00

Tilsette med kontorplass:
Sokneprest Knut Arne Kummeneje
mobil: 908 55 230
kk824@kyrkja.no

Kyrkjeverje Kristin Kalstad
jobb: 40 50 94 52
mobil: 917 15 126
kk636@kyrkja.no

Kantor Mark Taylor
jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449
mt884@kyrkja.no
Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Hildegunn Helleset
jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321
hh696@kyrkja.no

Kyrkjetenarar:
Dale kyrkje
Gravferd: Nadiia Vysochanska tlf.: 909 57965
Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf.: 482 49547

Guddal kyrkje
Ihor Tarnavskyi

Folkestad kapell
Kontaktperson: Randi Fretland tlf.: 909 57 857

Vedlikehald av Hellevik og Folkestad gravplassar Jostein Folkestad tlf.: 913 41493

Fjaler sokneråd
Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn
Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad
Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk
Vipps #899129 Ljosheim

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567
Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjekontor
Dalstunet, Dalsvegen 105a
6963 Dale i Sunnfjord

VIL DU BESTILLE DÅP?

Du kan no melde inn dåp elektronisk på vår heimeside: www.kirken.no/fjaler/
Der kan du registrere barnet og velje dato.
Velg kyrkje og dato der det er ledig plass - alle datoane som kjem opp i lista er gudstenester med dåp.

Har du spørsmål, ta kontakt med kyrkjekontoret på post.fjaler@kyrkja.no eller tlf. 40509452

